GYULA ILLYÉS

DIKT I UTVAL

Til norsk ved

Knut Ødegård og Vince Sulyok

Mikes International
The Hague, Holland

H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)
Oslo, Norway

2006

Kiadó

'Stichting MIKES INTERNATIONAL' alapítvány, Hága, Hollandia.

Számlaszám: Postbank rek.nr. 7528240

Cégbejegyzés: Stichtingenregister: S 41158447 Kamer van Koophandel en Fabrieken Den Haag

Terjesztés

A könyv a következő Internet-címről tölthető le: ***http://www.federatio.org/mikes_bibl.html***

Aki az email-levelezési listánkon kíván szerepelni, kérjük küldjön egy emailt a következő címre:

mikes_int@federatio.org

A kiadó nem rendelkezik anyagi forrásokkal. Többek áldozatos munkájából és adományaiból tartja fenn magát. Adományokat szívesen fogadunk.

Cím

A szerkesztőség, illetve a kiadó elérhető a következő címeken:

Email: mikes_int@federatio.org

Levelezési cím: P.O. Box 10249, 2501 HE, Den Haag, Hollandia

Publisher

Foundation 'Stichting MIKES INTERNATIONAL', established in The Hague, Holland.

Account: Postbank rek.nr. 7528240

Registered: Stichtingenregister: S 41158447 Kamer van Koophandel en Fabrieken Den Haag

Distribution

The book can be downloaded from the following Internet-address: ***http://www.federatio.org/mikes_bibl.html***

If you wish to subscribe to the email mailing list, please send an email to the following address:

mikes_int@federatio.org

The publisher has no financial sources. It is supported by many in the form of voluntary work and gifts. We kindly appreciate your gifts.

Address

The Editors and the Publisher can be contacted at the following addresses:

Email: mikes_int@federatio.org

Postal address: P.O. Box 10249, 2501 HE, Den Haag, Holland

ISSN 1570-0070 **ISBN-10: 90-8501-077-2** **NUR 306**

ISBN-13: 978-90-8501-077-7

© Mikes International 2001-2006, heirs of Gyula Illyés 1974-2006,

H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard) 1974-2006, All Rights Reserved

Norwegian translation © Vince Sulyok, Knut Ødegård 1974-2006

PUBLISHER'S PREFACE

Today we are releasing the electronical version of a volume that contains the selected poems of Gyula Illyés — one of the most prominent Hungarian poets and literary personalities of the 20th century — translated into Norwegian. The original version was published by the H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard) publishing house in Oslo, Norway in 1974.

The following volumes were published in the literary series of Bibliotheca Mikes International:

- **CZIGÁNY, Lóránt**: "MY PASSPORT IS ENGLISH, BUT MY PRIDE IS HUNGARIAN" (in Hungarian)
- **IGNOTUS, Pál**: MY PRISON DIARY (in Hungarian)
- **KRSTIĆ, Boško**: THE BERINGER CASTLE (Bilingual: Serbian-Hungarian. Translated from Serbian into Hungarian by : RAJSLI, Emese)
- **KRSTIĆ, Boško**: AQUARIUS (Bilingual: Serbian-Hungarian. Translated from Serbian into Hungarian by : BESZÉDES, István and VARGA, Piroska)
- **LADIK, Katalin**: THE FOUR DIMENSIONAL WINDOW (in Hungarian)
- **LADIK, Katalin**: GRASS CAGE (in Hungarian)
- **LADIK, Katalin**: EXPELLED ~ ENGAGEMENT (in Hungarian)
- **LADIK, Katalin**: ON IKARIA'S BIKE - Collected poems [1962-1984] (in Hungarian)
- **LÁSZLÓ, Noémi**: ONE HUNDRED AND ONE (in Hungarian)
- **KEMENES GÉFIN, László** (Ed.): ANTHOLOGY OF HUNGARIAN POETS IN THE WEST, 1980 (in Hungarian)
- **FERDINANDY, György** (Ed.): ANTHOLOGY OF HUNGARIAN PROZE IN THE WEST, 1982 (in Hungarian)
- **BORBÁNDI, Gyula** (Ed.): ANTHOLOGY OF HUNGARIAN ESSAY IN THE WEST, 1986 (in Hungarian)
- **BORBÁNDI, Gyula** (Ed.): ANTHOLOGY OF HUNGARIAN TREATISE IN THE WEST, 1987 (in Hungarian)
- **PASTERNAK, Boris Leonidovich**: CHRISTMAS STAR – Late poems (1945-1960) (Translated into Hungarian by GÖMÖRI, György & SULYOK, Vince) (in Hungarian)
- **SEGESVARY, Victor**: EARLY POEMS AND WRITINGS (in Hungarian)
- **SULYOK, Vince**: UNDER AIMLESS SKY (in Hungarian)
- **SULYOK, Vince**: AN AUTUMN'S ETERNAL MEMORY (in Hungarian)
- **SULYOK, Vince**: LIGHT SWIRL LIFE — Subjective Selection from 44 Years' Poems (in Hungarian)
- **SULYOK, Vince**: A WORLD KNOCKED OVER ON ME (in Hungarian)
- **SULYOK, Vince**: YOU LIVE IN YOUR PAST (in Hungarian)
- **VOLD, Jan Erik**: ICICLE PERIOD (Translated from Norwegian into Hungarian by: SULYOK, Vince)

The Hague (Holland), May 25, 2006

MIKES INTERNATIONAL

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)



GYULA ILLYÉS

(1902 — 1983)

Illyés ble født i en tjenerbolig på et ungarsk storgods i 1902. I 1920 måtte han flykte fra hjemlandet som følge av den voksende hvite terroren. Han oppholdt seg seks år i Paris og kom i nær kontakt med franske litterater og diktere. Kort etter hjemkomsten til Ungarn fikk han sitt litterære gjennombrudd i 1928 med debutsamlingen *Nehéz föld* (Den tunge jord). Illyés engasjerte seg i mellomkrigstiden sterkt i hjemlandets politiske liv, og sluttet seg tidlig til den populistiske bevegelsen. Etter krigen skrev han en rekke historiske dramaer, de fleste med tema hentet fra den ungarske revolusjonen og frihetskampen i 1848-49. I 1961 sendte han ut en ny diktsamling som innledet en svært produktiv periode. Med sine fire siste bøker står han fram som en fornyet, fullmoden lyriker. Gyula Illyés' liv og dikteriske bane spenner over hele vårt århundre. Hans verker har sine røtter i dets kriger og revolusjoner, gasskamre og konsentrasjonsleire, voksende velstand, store tekniske fremskritt — og økende ressurs- og miljøproblemer.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)



Gyula Illyés

DIKT I UTVAL

Til norsk ved Knut Ødegård og Vince Sulyok

H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

Oslo, 1974

(ISBN 82-03-06360-8)

GYULA ILLYÉS er en av de mest sentrale skikkelser i vår tids ungarske diktning. I denne boken blir hans lyrikk for første gang presentert for norske lesere, i gjendiktning ved *Knut Ødegård* og *Vince Sulyok.*

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

INNHOLD

Publisher's preface ..... *III*
EN DIKTER AV EUROPEISK FORMAT 1
I *4*
DET DU NESTEN ALT HAR GLØYMT **5**
SOMMARKVELDEN BADAR **6**
SOM DOGGA **7**
UNDER JORDA **8**
DØD JENTE **9**
EIN HAUST **10**
UNDER NOVEMBERHIMLEN **13**
SLEGEN ARMÉ **14**
PÅ BOTNEN AV SKITNE SMUG **16**
II *17*
BLEIK KVINNE I LITE ROM **18**
VINDEN REISER SEG **19**
EG BUR PÅ FJELLET **20**
LANDET I HØGDA **21**
BÅTEN RINGTE ALT **23**
TOMT EDEN **24**
DET HINSIDIGE **25**
DOLEO, ERGO SUM **26**
SOVANDE KVINNE **27**
BRENNANDE STJERNE **28**
FRAMFØRE MINNESMERKET FOR REFORMASJONEN I GENÈVE **29**
BARTÓK **33**
III *36*
HAGEN, SOMMARNATT **37**
PROSPEKTKORT **38**
I GRYET OVER ALPANE **39**
KVELDSSONG **40**
PÅ DENNE JORD **41**
BRASILIANSK URSKOG **42**
ANDLET **43**

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

DEMRING **45**
MED SEGLET PÅ HELL **46**
SONGAR OM KJÆRLEIK OG DØD **47**
ORDNING **48**
FJØRE **49**
HUNYADIS HAND KOR MED HØGE OG LÅGE RØYSTER **50**
PÅ BASKISK JORD **52**
DEI TAUSE FOLK TIL GUERNICA-SERIEN **53**
UHYRA FØDEST **54**
I RETNING MÅLET, OM ENN LIKEGYLDIG **55**
VED Å SJÅ MEG ATTENDE PÅ EIT FJELLSJUKEKUS **56**
BORTKOMEN. SÅRA: MINNEST **57**
NOTER 58
ILLYÉS-BIBLIOGRAFI 59

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

EN DIKTER AV EUROPEISK FORMAT

Hvem er Gyula Illyés? De beste internasjonale oppslagsverker kan opplyse at han er lyriker, prosaist, dramatiker, en av de mest sentrale skikkelser i vår tids ungarske diktning. I tillegg nevnes kanskje et par årstall og boktitler. Noen få leksikalske «facts» . . . men trolig er det få her i landet som vet *så* mye om ham. La oss med det samme slå fast at han utvilsomt har fortjent å bli kjent av vesentlig flere enn tilfellet er. Med dette utvalget av hans lyrikk ønsker vi å åpne for det første innblikk i Illyés' dikteriske verden, og det vil forhåpentligvis også vekke en videre interesse for hans forfatterskap.

Jeg tror ellers det er heldig at Illyés presenteres på norsk først efter at den ungarske lyrikkens mest kjente navn, nasjonalskalden Sándor Petőfi, er blitt introdusert i Norge (Sándor Petőfi: «Det må bli lys!», Oslo 1973). Det er nemlig en klar sammenheng mellom Petőfis og Illyés' lyrikk: Illyés er den som mest direkte har tatt vare på den litterære arven fra Petőfi ved å videreføre hans sosialt-politisk-nasjonalt engasjerte holdning. Den nære tilknytningen til det folkelige, solidaritetsfølelsen med samfunnets laveste, sosialt mest forsømte lag — først og fremst landsbybefolkningen —, strevet for større demokratiske rettigheter, den lidenskapelige interessen for landet, nasjonen, samt ønsket om å fornye de litterære uttrykksmidlene er i like sterk grad karakteristiske trekk hos dem begge. Det er derfor ikke noen tilfeldighet at den hittil beste Petőfi-biografen også er blitt til i Illyés' litterære verksted. Essayet «Petőfi», skrevet i 1936 og oversatt til et dusin sprog, utmerker seg både ved sin dyptgående analyse og sin stilistiske skjønnhet. Samtidig er det en varm personlig bekjennelse til den store forgjengers holdning og ideer.

Men det er i hvert fall *en* vesentlig forskjell mellom disse to: mens Petőfis skikkelse og diktning omgis med romantikkens forskjønnende og mystiske slør, hører Illyés fullt ut til i vårt eget nøkterne, pragmatiske, ofte desillusjonerte århundre. Og han er sterkt preget av vår tids urolige menneskelige og politiske klima. Den ungarske *puszta* er først blitt kjent verden over gjennom Petőfis lyrikk. Men hans puszta er mer eller mindre rettferdig identifisert som den bukoliske idyllens og eksotikkens fagre, romantiske landskap — befolket av halvnomade-gjetere, et makelig Asia midt i Europas hjerte: Alt det som så lett og deilig kunne fenge fantasien. Også Illyés er født på den ungarske pusztaen, og er dessuten sterkt opptatt av den som forfatter. Men romantikkens karakteristiske rekvisitter er i mellomtiden så godt som fullstendig blåst derfra. Det han i tredve-årene finner å kunne karakterisere som «asiatisk» der, er praktisk talt bare de sosiale tilstander. Han skildrer *sin* puszta i sitt desidert betydeligste prosaverk, «Puszták népe» («Pusztaens folk») som hittil er oversatt til fjorten sprog (bl. a. engelsk, tysk, fransk og svensk). «Puszták népe» er en slags litterær sosiografi hvor han med en nærmest videnskapelig nøyaktighet (kfr. *våre dagers* litterære moteretning: dokumentarromanen) beskriver de opprørende forhold en god del av landsbybefolkningen, husmenn og daglønnede, måtte leve under på de store godsene. De levde ved sivilasjonens nederste grense, fullstendig utlevert til sine herrer, men allikevel fylt av menneskelighet og av håpet om en vakrere og mer rettferdig tilværelse. Bildet han tegnet av pusztaen avvek totalt fra de vante forestillinger om det ungarske slettelandet, fullstendig blottet som det var for all romantikk. — Men når alt kommer til alt, var det likevel ikke bare i kraft av de sosiale avsløringer boken skulle bli stående som et av de betydeligste verker innen ungarsk prosa — like meget var det fordi den dikterisk og stilistisk er et mesterverk. Dessuten er vesentlige deler av boken selvbiografiske, og kaster dermed et interessant lys over det miljø den store dikteren var kommet fra. Videre finner vi i det en rekke litterære analyser, landskapsbeskrivelser og spennende enkeltepisoder som gjeme kunne stått som selvstendige fortellinger.

Gyula Illyés (utt. djola ijje:sj) er født i en tjenerbolig på et gods i Rácegrespuszta den 2. november 1902. Utdannelse ut over folkeskolen kunne han bare få ved støtte fra hele familien.

Våren og sommeren 1919 deltok han aktivt i kampene som Rådsrepublikken førte mot de inntrengende rumenske og tsjekkiske troppene. Efter Rådsrepublikkens sammenbrudd, fortsatte han først sine filologiske studier ved Universitetet i Budapest, men måtte i desember 1920 forlate landet som følge av den voksende hvite terroren. Han reiste via Wien og Berlin til Paris. De følgende seks årene i den franske hovedstaden fikk meget stor betydning for hele hans utvikling. Han studerte litteratur og psykologi ved Sorbonne samtidig som han stadig måtte ta leilighets-arbeid for å livnære seg. Han kom tidlig i kontakt — og nær kontakt — med franske litterater og diktere. Louis Aragon, André Breton, Paul Éluard, Tristan Tzara og andre av datidens unge forfattere kunne han regne som sine venner. Gjennom dem fikk han avgjørende impulser fra de dominerende retninger i den modernistiske diktningen, surrealismen og ekspresjonismen.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

Sitt litterære gjennombrudd i Ungarn fikk han kort efter hjemkomsten. Debutsamlingen *Nehéz föld* (Den tunge jord), som kom i 1928, ble mottatt med stor og enstemmig anerkjennelse. Han ble fra da av sett på som den kanskje mest lovende blant datidens unge diktere. Han klarte da også allerede med denne første samlingen å markere sin egenart både i det formelle og det innholdsmessige: En særpreget og moderne variant av den samme lyriske realisme som alt fra Petőfis dager har hatt dype røtter i ungarsk litteratur. Denne arven fornyet Illyés nå ved å smelte den sammen med det beste av det han hadde lært av den franske surrealismen. Hans stil utmerker seg ved klarhet, lettforståelighet, gjennomsiktighet i versebygging, ekspresjonistisk billedbruk, folkediktningens umiddelbarhet og en viss tilbøyelighet til episk bredde. Han har med dette lykkes i å skape seg et sproglig redskap som i forbausende grad viste seg å være egnet til å gi uttrykk for de problemer vårt århundres menneske — særlig da i Mellomøst-Europa — var opptatt av.

En lykkelig syntese av høykultur og folkelighet, en bro mellom bonde-Ungarn og Europa: Dette er det som sterkest karakteriserer Illyés — også når det gjelder hans utenomlitterære virksomhet. Efter hjemkomsten fra Paris, stod han først visse sosialistiske og aktivistiske grupper nær, deretter borgerlig-liberale grupperinger. Han fortsatte imidlertid mot sentrum av de opposisjonelle, og vi finner ham snart som en av de mest markante forgrunnsfigurer innen en litterær-politisk bevegelse som kalles «populisme». Populistene (eller «de folkeligsinnede») gikk inn for en storstilt agrar-reform og ville avskaffe de stivnede restene av en foreldet feudalisme — den viktigste hindringen for en tidsmessig videreutvikling av landbruket, og en samfunnsform som samtidig var årsak til betydelige sosiale skjevheter. På det politiske plan krevde populistene dessuten større rettigheter og frihet for folket, i første rekke agrar-befolkningen. Illyés, som jo hadde sine røtter nettopp blant landsbygdens og pusztaens befolkning, sluttet helhjertet opp om disse krav — og gir uttrykk for dem i sine dikt og artikler. Han ble i denne tiden medutgiver av «Nyugat» («Vesten»), tidsskriftet som med sine 33 årganger vel har spilt en større rolle i ungarsk åndsliv enn noe annet presseorgan.

Ved siden av dette sterke sosiale engasjementet, følte han fra slutten av tredveårene en voksende bekymring også over nasjonens skjebne: Dens videre eksistens, mente han, var blitt dødelig truet av regjeringens tyskvennlige politikk og av selve verdenskrigen. Interessen for den nasjonale problematikken ble fra nu av en viktig del av hans forfatterskap. Efter at landet ble okkupert av tyskerne, ble han utsatt for forfølgelser og trengt ut av det litterære og politiske liv. Men han kom igjen med desto større iver fra 1945, efter frigjøringen. Som bondepartiets representant i nasjonalforsamlingen, deltok han aktivt i utformingen av den politikken som bl. a. munnet ut i demokratiseringen av det offentlige liv, gjennomføringen av agrarreformen (da feudale og kirkelige gods ble delt blant den fattige landsbybefolkningen), nasjonaliseringen av fabrikkene, gruvene og bankene. Hans dikt fra disse år var optimistiske og til dels entusiastiske. Det varte dog ikke lenge. Fra årene 1948-49 var han i stadig mindre grad i stand til å identifisere seg med proletardiktaturets målsetning og politikk. Han trakk seg mer og mer tilbake i protest mot Rákosi-regimets stalinistiske styre.

Ellers vendte han seg fra Stalin-tidens grå og skuffende virkelighet til de lysende øyeblikk og eksempler i den ungarske fortid. Han skrev i den tiden en rekke historiske dramaer, de fleste med tema hentet fra den ungarske revolusjonen og frihetskampen i 1848-49 — og med Petőfi, Kossuth, Bem og Görgey som hovedfigurer. Han krevde dessuten retten for lyrikerne til også å kunne skrive om sorgen og pessimismen, sine private følelser og lidelser. I diktene fra disse årene kretser han da også stadig mer om død, alderdom og livets mening. Han la heller ikke skjul på sin politiske tvil i visse henseender. Og han ble ikke alene om å gjøre det: Med Stalins død våren 1953 begynte en tøværsperiode som rettet seg imot «personkultens» overgrep. Parallelt foregikk det en lignende utvikling praktisk talt over hele Øst-Europa, men bare i Ungarn førte dette til en tragisk oppstand. Kanskje fordi det var nettopp der forbitrelsen var størst, eller fordi landet manglet ledere som var dyktige nok til å mestre den nye situasjonen.

Efter novemberdagene 1956 gikk det mange år før Illyés fant å kunne bryte tausheten og vende tilbake til det litterære liv. Først i 1961 sendte han ut en ny diktsamling. Og den innledet, ganske uventet, en svært produktiv periode: «Új versek» (Nye dikt) fra 1961 ble med korte mellomrom etterfulgt av tre andre og betydelige samlinger fra dikterens høstverksted: «Dőlt vitorla» (Med seilet på hell, 1965), «Fekete-fehér» (Sort-hvit, 1968) og «Minden lehet» (Alt er mulig, 1973). Diktene i disse samlingene vidner om en nesten enestående livskraft, fornyelse, ja foryngelse. Det er en fullmoden dikter, en sann européer og et stort, rikt menneske som her er kommet mot tinden av sitt liv og synger sin rike høysang. Hans lyrikk utfolder seg i en skapende renessanse, som om han først nu fullt ut fant sitt virkelige jeg. Han synes å ha nådd til den etterlengtede, den endelige likevekten, og står nu i visdommens, selvdisiplinens og nøkternhetens tegn, i besittelse av en rasjonell livsfilosofi og med klart kjennskap til sammenhengene, verdiene og proporsjonene. Han fortsetter imidlertid også nu å spørre, å stille spørsmål ved fremtiden: menneskets og nasjonens sjanser i en stadig mer problemfylt verden.

Gyula Illyés' liv og dikteriske bane spenner over hele vårt århundre. Hans verker har sine røtter i dets kriger og verdenskriger, revolusjoner og motrevolusjoner, gasskamre og konsentrasjonsleire, voksende

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

velstand, store tekniske fremskritt — og voksende ressurs- og miljøproblemer. Han opplevde alt dette som sønn av et lite, prøvet folk i Mellomøst-Europa. Og mens andre, større og lykkeligere nasjoners diktere fikk leke seg frem til blendende og vakre ord-prestasjoner, var han som dikter nødt til også å kjempe med sosiale, demografiske og politiske problemer.

Men å måtte være de svakes, de fattiges, de undertryktes, et lite folks samvittighet og talerør — det betyr ikke alltid og nødvendigvis bare ulemper for en dikter. Engasjementet kan også føre til stor dikterisk berikelse, som nettopp Illyés er et eklatant eksempel på. Det var nemlig denne ansvarsbevisste holdningen som gjorde at han ble en dikter av europeisk format. Hans betydning overgår langt det lille lands grenser, hans fedreland. Det er da også sterke tegn på en voksende internasjonal interesse for ham: Han fikk den internasjonale dikterbiennalens storpris i Knokke-le-Zoute i 1965, Herder-prisen av Universitetet i Wien i 1970, og Kossuth-prisen — sitt eget lands høyeste litterære utmerkelse — har han fått hele tre ganger. Hans dikt og prosaverker utkommer i stadig nye utgaver, på stadig flere sprog (kfr. vår kortfattede Illyés-bibliografi bak i boken). Og her er vi kommet til hans første norske samling. Diktene i denne utgaven er ordnet i kronologisk rekkefølge for å vise dikterens utvikling.

Illyés har forøvrig gjort seg kjent med Norge, og ikke bare gjennom bøker: I juni 1964 var han æresgjest ved PEN-klubbens internasjonale kongress i Oslo.

Vince Sulyok

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

I

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

DET DU NESTEN ALT HAR GLØYMT

(Szerelem. 1: Amit már majdnem elfeledtél...)

Det du nesten alt har gløymt:
Må lære omatt desse tause ord som slektningane dine talar.
Det hjartelege velkomen som perlar av venleg varme
meir leskande for den som utmøydd kjem tilbake
enn glas med iskaldt vatn.

Stå der i flokken av husmenn som ventar
på si vekeløn. Smånikke når dei talar, fortel
i klumpete setningar om sin lagnad
om grunnane til deira nød: I bivringa
i munnane slær livet ut sine vengjer.

I Kaposvár, i ei gate enno utan namn
stogga ein mann meg Allehelgenskvelden, bad om fyr: Det bles
og vi stod tett inntil kvarandre. Drog frakkane
over oss, som i omfamning.
Såg han inn i andletet da fyrstikka slog eld,
han lo: Våre hjarte dansa
kjende kvarandre att for eitt sekund.

Sat på ei kro ein annan gong. Ein mager skreddar kom, bad om
plass ved bordet mitt. Og med
ei saftig glede, som pakka han ut ei matpakke
vi skulle dele, slik opna han sitt liv for meg.
Han hadde fått ei dotter sju dagar før.

Jo fleire andlet som lyser opp mot deg: Jo meire
lyser andletet ditt, dikt skin opp av deira
løynde varme. Skam deg ikkje
om du kjenner auga til bestemor
lune i ditt eige blikk: At hjartet ditt suste
som ein lykkeleg samovar, kokte
da du kunne bere fram godt nytt til ein gamal kusk.
Ditt andlet heitt som damp, stotra
av glede.

Slik finn røtene i di lyst fram
til den søte moldjorda gjennom sprekkene
i denne skorpute, uttørka, steinute botnen. Gjennom
plutselege sprekker, fordjupningar i eit andlet
opna av ein smil, opna
for eit auge.

Du lever av denne jord! Slik blir din song
som sus av lauv i eiker med djupe røter.
Hjarte som slær i dei høgste blad
når dei røper løyndomane
til høge fjerne vindar.

1929.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

SOMMARKVELDEN BADAR

(Szerelem. 4: Meleg habjaival nyári...)

Sommarkveiden badar
i varmt skum,
det bylgjande silkegraset
spring, spring gjennom hjartet.

Døyvd glitrande, vind
som spring. Å gode stund! bris
som ber med seg skjelvande
lyse kyss frå skimrande blad.

Dette er timen, som om
min barndoms skum i Kapos-elva
glitra og kviskra
i mine tankar.

Slik tanken flyg igjennom meg
spring, spring gjennom
hjartet kviskrande
lauv, plystrande vaktlar
brus av fugl.

Ord, ord som så ofte
lettar forskremde
som sporv: smyg no lydlaust
på vinden av kveldsandakten.

Sym bort, blafrande sol,
sym bort, skyer
og du, månens vakre gondol,
sym bort, minne.

Eg ligg i hagen
under deg, evige himmel,
lik vass-standen som fell
dag for dag:

og kjenner sin lagnad
på den uttørka botnen,
flyg stilt vekk — slik klagen
stilt flyg vekk frå meg.

Har i min draum alt vore
ei sky, og smaug meg bort
forat ikkje eingong min skugge
skulle plage dei eg har kjær.

1929.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

SOM DOGGA

(Mint a harmat)

Som dogga ynskte eg å falle over deg,
som elvevatn ynskte eg å risle over deg.
På hendene dine: den mjuke vind
frå tankane mine, vår og linn.

Som trufast dyr: smyge handa mi mot deg,
med augevippane: breie varleg på deg.
Under min herlege himmel: vår seng,
vi låg på mi framtids vakre eng.

Å, korleis sei'det? Den fyrste gongen,
da eg hadde sovna hos deg den gongen
kom barndomsvenen, ein hund, dit inn
i draumen: slikka meg på øyre og kinn.

Eg klamrar meg til deg, eg vernar om deg,
til sigersflagg ynskte eg gjere deg.
Over deg, som over mor mi bøygd som gut.
Men og som over ein gravstein, lut.

1927.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

UNDER JORDA

(Föld alatt)

Under jorda fér ho gjennom byen. Om morgonen
mot framtida, om kvelden mot døden.
Stormen frå vekkarklokka set
symaskinhjulet i gang. Vinden i symaskinen
driv mine songars hjul:
Annas hjarte
snurrar, rundt rundt
når symaskinen syng.
Drivreimar glid
opp og ned imellom himmel og jord
og medan linstoff flyt raslande fram
mellom dei visna hendene hennar
som raslande minne, tråklar ei knitrande nål kvelden fast
til ettermiddagen, draumane fast
til kvelden hennar, dei vaiande kniplingar av sukk
til draumane hennar.

Over etasjane, over vinden sit Anna.
Dei svake føtene hennar fortar seg, spring
over harde bratte berg, på mjølkesaftig gras,
på sprekkene i munnen min. Og der ho fér
er det nødens segl som flagrar etter henne. Overalt:
tørkande laken, fabrikkrøyk, skjorter til tørk
tørkande lik hengande i klessnora.
— Slik flyg Anna bort, og eg fylgjer henne
under gråtande vindauge, gjennom smale gater
der stilla lurer med si snare, midnatts tulipan,
og ein dunkel kjenning helsar oss ransakande.
Slik vaktar eg mine dagars mor, namnet er Anna Orosz,
slik fell visna lauv frå dei triste hendene mine
for å gøyme og dekkje over henne for vinteren.
Slik, når eg kysser henne, stig min opprørske ungdoms
sterke, grøne landskap fram i hennar auge.

1925.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

DØD JENTE

(Halott leány)

Du søv ikkje, du er for evig død. Din smil
skal ikkje lenger blusse opp i draum. Det kalde lyset
i andletet ditt: ein isblom. Den komande våren
lokkar deg ikkje lenger. Død. For evig død ... lufta
stogga opp mellom tennene dine.

Det som enno i går kjempa og bala
som ein liten surlande bekk om vintren: Lyset
stogga opp i auga dine, som ei nål.
Hjartet er blitt tungt, det størka blodet
køyrd fast i dei unge lemmene dine.

Fylgjer oss aldri meir ned til druehagane
syngjande på den mjuke sandvegen, leande
som den gong vi lyfte deg opp i det fulle kirsebærtreet:
du lo etter skone dine som fall ned.
Du venta på kjærasten din oppe på haugen —
Døden har pressa låra dine såman for evig.

Kven ynskjer no å sove i hårlokkane dine?
Du er blitt ein framand, ein fiende kanskje.
I morgon vil isete jordklumpar
drønande falle over deg, og mens vi vender heim
til kveldsmaten og for å leite etter trøyst
skal kalde dropar falle på halsen din
gjennom kleime kistebord, og gravhaugen
vil nådelaust stengje seg over deg.

Vil vel tenkje på deg ei tid, men så ... vil tilmed mor di gløyme deg!
Minnet folne lik din lagnad som gjekk tapt: ein nådelaus leik.
Leik! — tenkte eg medan eg gjekk gjennom den sprakande krattskogen i kveld.
Med deg vil vi gløyme vår eigen ungdom, vår sanselege lyst
langsamt brenne ut i hjartet, sotut av alder, og di ungjentesjel
dreg seg bort frå oss, om ikkje vi møtest att ein stad!

1928.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

EIN HAUST

(Egy ősz)

1

Året slakkar på farten lik ein vind som er gått trøytt
og fell ned frå høgda. Susar, svaiar krunene i våre tre.

Taktlause juli! minnest deg såvidt. Men vi har vendt våre auge mot jorda
der det til vegs ende komne året kryp blodigt omkring på slettene, raslande raudt lauv.

Bit seg fast, til ei natt med snøstorm kjem: Løyser seg jamrande
— fyk opp i det klare romet med kvervlande frostvindar, og saman med dét kverv vår ungdom.

Drakk av kjelda i kveld og kjende bodskapen din,
forgremde alderdom. I munnen min, i brystet, i lemmene.

Mi kåte lyst forpjuska som lauvet, greinene mine
og røtene dreg seg frysande attende til meg.

Klagande flyg den siste fuglen bort frå skogen som dampar av blod.
Vatnet, som ein gong synte meg sitt andlet, dekker seg attom eit slør.

Skaka av frost. Skal sjølv dra bort, tenkte eg, — forlate landskapet,
springe som ein heimlaus over dei trugande fjellryggane, fylgje vegane i måneskinet.

Leiken slutt! Eg er blitt aleine med mine fjell,
gud pustar langt borte, om han finst. Alt eg kan seie om han.

Å springe, med andletet sveipt i ei kappe. Rope, utan å sjå seg attende:
Lærte den sanne Herre å kjenne. Dødens fråtsande makt!

Sola søkk no. Dalane vert vaska av tåka, eg høyrer
bjeffing av hundar og veik ringjing frå klokker.

Som om den siste oljen nærma seg meg i den stigande lyden frå klokkene:
Fall på kne, de nakne tre, i staden for meg!

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

2

Så gjennomtrengjande,
så — som skar det meg i hjartet
lik avskilsblikket frå kjærasten min,
var lyset i oktoberskyminga.

Bjørkekrunene
bøygde seg under si gyllne tyngd,
eg gjelde gjennom raslande lauv
som gjekk eg gjennom landskapet i mine minne.

Og for ei stutt stund
såg eg djupt inn i meg sjølv.
Engene dampa bort, fauk
til vers vår lystige sommar.

Ei dirring i meg
som svarar dine vindar, haust!
Elvane mine er blitt blinde,
kruna trilla i bakken.

Den flygande spindelveven i hausten
som pleier dei blodige armane til buskene mine:
Flett han inn i mitt haust-kleime
lauv-lause mot.

3

Vinden styrtar ned frå fjella. Den tunge avskil
frå overmogen frukt og dødens raude skugge
flakkar omkring i hagen. Haustens lauv
fell, raslande i vemodige spørsmål. På bakken
som stadig vert kaldare.

Stell med dine mognande vindruer i fred,
lykkelege far! og nynn nynn
medan du vaskar tønner med søt lukt.

I sornmarvarmen, når panna di ber eit kjede
av skinande arbeidsperler:
I den gyllne vinen din vil den lystige våren
glitre mot sollyset.

Løft han, høgt høgt mot den flammande himlen
og skål på vårt forgjengelege liv,
på vårt fullmogne hjarte som flagrar lik lauv
i haustvinden. Klar til å fly vekk!

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

4

Minnest du den snøkvite november-
morgonen da
dalen skimra imot oss i rimet:
diamantstøv. Som dødens kalde
klednad, da vi opna vindauga?

Frå auga dine glitrar ein smilande
vårbekk mot meg, brått

lystige ettermiddagar! — rislande
gjennom mars-knuppane flaut sollyset
på hovuda våre ein gong i skogen.

No lener du hovudet ditt mot meg —
kvifor skulle du seie noko? du visste
at eg høyrer,
at minuttane susar langsamt i hjartet ditt
lik turre blad.

5

Smaken av haustnatta vart hengjande att i landskapet,
aldri kjende eg meg
nærare jorda.

På begge sider av landevegen, dei grå tåkeveggene.
Ein gong i draumen gjekk eg
forskremd omkring i ein by som var utdøydd.

Noko av meg heng att i kvart steg,
blir gløymt i tåka.
Ei røyst kallar på meg, lokkar
frå gate til gate, frå hjørne
til hjørne. Frå bruer
til bruer over sydande elvar,
som i ein draum.
Og eg fylgjer sakte etter, stadig
tyngre langsetter frådande kvite kjelder,
mot det gråkvite tårnet
til stilla og æva.

1928.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

UNDER NOVEMBERHIMLEN

(Novemberi ég alatt)

Forskremde og leitande
etter kvarandres hender
styrtande inn i kvarandre
spring dei, dei forfylgde
skyene — —

— kven vil
fortelje meg
kva eg skulle fyke ifrå,
ja var eg heilt aleine

Med drivande tårer
græt eika
over fargen sin
og sin vårlege lyst
— snappar skremd
etter himlen.

1928.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

SLEGEN ARMÉ

(Szétvert sereg)

— Akkurat kva vi treng til, den tjukke krovertinna her
og denne ustyrlege larmen.
Glas til å slengje mot veggen! og duken med vinflekkar på
som liknar ei slagmark om vintren.
Vin, røyk og halvskumt lokale, — akkurat kva vi treng til,
og svinske mannfolksongar!
og nokre sølvpengar, som muntert rullar frå skitne
fingrar

og krojentene her, som ler med same klang som mynten.
Ja vræl, du tapre! høgare enn jamringa i sjela di
og braket da sigeren fall i grus . . . Du som ein gong la
ditt hovud
mot brystet til ei jomfru og lytta til hennar oppøste hjarte,

lut deg mot denne stinkande jenta. Flir din vulgære latter,
dra henne ned i eit hjørne,
må du falle, opprørar, fall no: så langt slengt vekk
frå di framtid og din himmel!
ja gøym ditt sveitte andlet i hennar skitne armar, lat henne
rive deg ned i din lagnads djupaste botn.

Den stolte arméen splitta og slegen. Rusne av blod og
ville krigssongar

ligg dei døde langt borte, over dei køyrer fienden
hylande med tunge vogner . . . Gjennom netter som
kvervlar av raud oske
spring den feige flyktningen, som sprang han gjennom sitt
liv, slikkar i seg sin eigen sveitte.

Han kunne ikkje døy, han skal for alltid virre omkring
som eit grådigt skrømt, spring
under vindauge, sklir bannande på isen, set seg på bakken,
kjem smygande med dei andre for å drikke . . . Det
halvgløymde grøne landskapet faldar seg ut
omkring han,
han stirer, og byrjar brått gråte, lener seg mot skuldra til
ein kamerat.

Utanfor deklamerer vinden. Tei still, sjarlatan, fedrenes
ånd!
Fridomen? Den heilage hemnen? — Plystring bryt inn,
oljelampa blafrar, stikk ei lang tunge ut
og døyr stinkande! Og no: Tragedien! — Spel opp da,
edle musikk.
Gje att jenteskrika, dei grove latterbrøla, rallinga, slaga i
bordet! Den gamle flaska

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

reiser seg, fell overende og spyr opp blod. — Den som er
utan von, lever ikkje lenge!
Pinsame minne om oss sjølve, lat oss danse, mine vener!
Vindauga flyt av blod ... og langt borte, der nede, som
i ein feberdraum,
rir Erobraren i skritt på sin høge, magre hest over det
herja landet vårt,
vrinskar vilt og inspiserer det forlatte snølandskapet.

1931.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

PÅ BOTNEN AV SKITNE SMUG

(Szennyes sikátorok tövén)

Eg sprang inn under porten her
og plutseleg braut skrekken fram
i panna mi og brystet mitt,
som kalde sveittedropar der —
eg såg på himlen, dei forte steg
av kameratane som sprang
og hese våpenbjeff
slo ned slo ned på hjartet mitt.
Og over meg: dei fjerne stjerners veg.

Komande tider: oson-rike, brenn
mot romslege tider, etter all herjing!
Trur deira kome,
men hugs oss hugs oss da! De menn
og lykklege jenter.
Vi som listar oss framover her, og dveler
i otte, på botnen av skitne smug:
Splitta, redde. Kvart forte trykk
av skjelvande hender
var glør av kjærleik
som søkte eit famntak, ein vermande hug —

vi skapte dykkar dristige sjeler!

1930.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

II

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

BLEIK KVINNE I LITE ROM

(Egy sápadt nő egy kis szobában ...)

Vart ikkje oppstyr i pusztaen
da eg der nyfødd låg
ein allehelgenskveld
uventa, kanskje ubeden òg
i november, alle helgens dag
da folk med kjertar flaug
mot høgda, fall på kne
ved kross og grav i tind og haug
da klokker klang og gravlysa
sette fyr på kvelden,
i alle landsbyar
slog opp den same forrykte elden.
Da svima mor rni av smertene
i ei hytte, forlatt.
Ser for meg dette slik,
snølandskapet, den døkke natt:
der låg ei kvinne, bleik, i eit rom,
frå alle fjelltoppar
flamma det høgt, slog eld
om henne frå kvar ein kyrkjegard.
Ein dødens triumf omkring henne
spøkjelsesmesse, kvit
i alle fjell. Da fyk
brått eit skrik ut frå dalen, opp dit.
Der oppe er gråt, sukk og ringjing,
frå djupet stig ei røyst
fylt av varm forsoning:
eit lite, skrikande liv til trøyst.

1931.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

VINDEN REISER SEG

(Fölkél a szél)

Vinden stig. I vest løfter himlen
svarte tavler, skræmelegt syn —
på dei kan eg lese vår nære framtid:
stenografskrift i ville lyn.
Og så? Eg har verken korn eller buskap
der ute. Lat berre uvéret rase på!
Vedkjem meg ikkje den råe kraft,
dei svarte tavler og deira bod.

Passert dei tretti no, forrykt
og still, ei imaginær verd bur eg i.
Eg er ein mann, men vinn ikkje over
den lette feber: mi ungdomstid.
Arbeid som ventar, bekymringar —
men eg driv tålmodig omkring, lik ein mann
som eig ansvar ... men byrjar éin spørje,
dreg eg meg vekk ifrå han.

Spør meg sjølv kva sekt eg tilhøyrer:
Kva gud eller djevel ofrar du til
der du går og mumlar magiske ord
smilande, forrykt eller vill.
I allting du ser eller høyrer
— auguren lik har du den mani
du må sjå noko anna, ei høgare meining
som ikkje er, ei heller vil bli.

Det skymest no. Sola står blodig
i toppen av eit gamalt tre:
som var ho eit avskore hovud
sett opp på ein pel, og stirande ned.
Kvifor blodigt hovud? Ikkje fredens segl!
Ikkje ei rose! Som bøyer seg ned og visnar
utover meg. Stolt, lik ein domar, teier mi sjel,
dreg ikkje eingong på skuldra til svar.

1936.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

EG BUR PÅ FJELLET

(Hegyen tanyázom ...)

Eg bur på fjellet, eit vinpresshus
er bustaden min under bergveggen her.
Som ned frå eit svalereir ser eg på dalen
og livet mitt som eg la att der.
Den vesle landsbyen dekt av støv.
Gravstaden, berre, smyg seg med nød
gjennom skya av støv. Bliktar sol i gravsteinar:
Det listige blikk, vår eigen død.

Og der i vest, attom synsranda
bak blåe holmar med tunge frukttre
løynd attom fjell, glør det i Balaton-sjøen:
ei sjogande jettegryte.
Ser ikkje bylgjene, berre lys
av sol frå vatnet send opp som pil
på pil, eit pilregn av lys, som elskande kroppar
er speglar som speglar kvarandres smil.

Bøygd sit eg ved eit gamalt steinbord
— stirer på spelet av lys, av desse to
som er livs lys og døds lys. Dei blandar seg her.
Såg. Og tok meg ein klunk som forslo.
Livet. Døden. Det same for meg.
Ikkje er eine lys, andre grå:
Eit veldigt andlet står framfor meg. Det opnar først
éitt auge, det andre etterpå.

1936.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

LANDET I HØGDA

(Haza a magasban)

Kanhende kjem ein gong den tid
når ihugkomst krev meir enn plan -
langt større mot å søkje bak
enn framover, slik vi er van?

Eg ottast ei! — mitt land finst alt
meir vernande enn alle fjell.
Eg går omkring og ser på ting
og væpna sterkt, med ord: eit vell.

Fortelje kor det landet finst
som er så trygt? Eg opnar meg.
Muml fram eit vers av Petőfi:
Ein tryllering slær krans om deg.

Og vart vi herja nok ein gong
av tartar- eller kræmarkrek,
og vegar atter vrir på seg
lik ormar som ein hard fot tek:

med auga lukt, sei i deg sjølv
dei ord som ein gong verkeleg
av flygesand, av folk og hus
let landet Ungarn reise seg,

gløym ikkje av at fjell og elv
— gjenstridig fjell og villfløymd foss
vart tamde når vi stolt gjekk inn
til løyndomen, og den hjalp oss.

Og trugsmål, dei er utan brodd,
og dødens pil flyg langt forbi:
Sei berre fram ei trollskjorte,
rop ut i natta Berzsenyi.

Saml såman alt som du har sett
med' du har vandra fritt omkring,
alt det du fekk av hjartet ditt,
av jenter, munter prat og ting.

Som Noas ark ein gong vart fylt:
Éin art med av alle tankar
skal du ta, og illusjonar,
drøymde dyr som i deg vankar.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

I tusen år kan ord stå gøymt
lik dvergemål når ingen spør,
men tordne høgt om tusen år
vil dine ord, om ikkje før.

Så lytt til alt, og lær av det
som talar sjølv når det er tyst:
Møt fienden med muntert blikk
med boka klemd imot ditt bryst.

For eg eig heim — om ingen stad,
for røyndom er kva *eg* har røynd
i syn: og støytest verda om
eg eig ein heim, om i meg løynd.

Slik bier eg som sendebod,
som vaktar for ein gravlagd skatt.
Skyt panna mi eit skot! Det som
fanst der til himmels flyg den natt.

1936.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

BÅTEN RINGTE ALT

(A hajó már csilingelt)

Skipsklokkeklemt: alt avgang her.
Ei kvinne på dekk held handa opp
til avskils vink, ei hand i luft
som attgløymd der.

Den gyllne legering: ei glo
som slo ut i andletet hennar
av gleder ho fekk, og takksemd,
der taus ho stod.

Dampbåten settest slik i fart
som ho gleid bort og førdest med:
Lik breiddfylt glas ho førdest bort,
så stilt og vårt,

fór slik, som forma av ein munn
som bles ein skulptur utav glas —
til æva bragt av dette skip
den gode stund

frå oss som stod igjen og slik
— på kaien, stilt, forutan ord —
vart stadig meire fattigsle
og ævleg rik.

1955.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

TOMT EDEN

(Az őszi Tihanyból. 1: Üres éden)

Gjeng, dag ut dag inn, gjennom hagen her.
Veks større og større den søte gleda
over å finne — blant folna lauv
og svarte tre — eit saftig bær,
        tanken flagrar mot sommaren.
Lauvet drys, eit regn av gull
når eg skakar dei frostbitne greiner i hagen.
Tomt landskap, klår himmel: alt blått og fjernt.
Ein einsam Adam som går i eit falma Eden
og saknar deg, denne dagen.

1955.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

DET HINSIDIGE

(Az őszi Tihanyból. 5: Másvilág)

Er livet her for stutt? For lite til
at gråt og kjærleik, alt som laut skje,
fekk glødd mitt hjarte så klokt
at det til slutt kunne ta imot:
finst ikkje fleire liv enn dette?
Det eine liv for lite?
Eg kan jo når eg er hos deg, ja tre
inn i eit anna liv, i ditt.
Du herlege andre liv! Som deler mi sorg,
gjer dobbelt så rik mi glede.

1955.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

DOLEO, ERGO SUM

(Doleo, ergo sum)

Lemmene verker, eg kjenner dei alle, eg lid: eg *er!*
For jævleg ein tilstand, eg lær.

Eg lær over det at den kroppslege pine
lik ein vert presenterer meg lemmene mine.

Hekseskot fyk gjennom bein og nervar: vill brann
som blottlegg meg sjølv når eg fylgjer han.

Så mykje plage, og mange handtrykk: opp ein svip
gjere grimase, bukke, og så: *mi* hand eg grip!

Visste'kje før kor svelg og lunger og lever var.
Kor ryggmargen er, dunkar hovudsmerten meg svar.

No kjenner eg alt som plagar min bustad her.
Smerten tenner ei rad av lamper. Eg lid: eg *er!*

Lever i verd av draum den som ikkje eig pine.
Kjenner meg uvel, men *kjenner* lemmene mine!

Dette til lærerik slutning. Kven fekk sjå
inn i livsens løyndom: Den «sjuke» kunne forstå!

Kven kjende vel røyndom og sanning om denne vår verd
og det som er over? Desse som fattige, lidande er.

Kven sa oss vår framtid? Dei som sterkare kjensler har
enn hine. Den sjuke vart lækjar! Gav svar.

Rådet — det heilage råd eg kan gje — må verte:
Dei styrande må vere lik nervar som glør av smerte!

1954.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

SOVANDE KVINNE

(Alvó asszony)

Ho ligg slik på sida i graset og søv
vakker er ho
og alvorleg, som høyrde ho mumlande røyster
opp gjennom molda gro,

kraup såman i svevnen, med andletet halvt
i graset lagt
låg som slo ho ned blikket for betre å høyre
det som til ho vert sagt,

stille, slik dei som kjenner ein løyndom
ein bodskap, god:
at allting er godt, alt utanom fare, det vitnar
andletets djupe ro.

Ho søv slik som berre kvinner kan sove,
i graset her,
slik berre kvinner kan sove mellom to gjeremål,
fødsel og så den siste ferd.

De søte, framtidige medskuldige:
eg granska dér
så ofte i andleta dykkar, om de eit teikn
på større visdom ber.

Vi menn søv med grusomt forvridne andlet
tenner vi skjer
groteskt. Men de, de faldar dykk ut i svevnen, slik
blomar mot sola gjer.

Kva veit de om oss i svevnen? Er håret
mitt kvitt av sut
som snø, vert eg likevel framfor dykkar andlet
ein unge, ein gut.

1955.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

BRENNANDE STJERNE

(Csillag, ha lángol)

Fell, fell gjer vi
som stein slengt ned
høgt oppefrå. Og for å bli
til søle, rotne lik.

Men om det no er slik
så fall slik stjerner
fell: den ville fart
og høge flammeris,

ja styrt, på same vis
med same ur-blafring
igjennom det tende rom
som er vårt liv,

ja slik: at når du driv
mot fallets slutt
dei kunne sei, og same da
kva ende ditt hjarte vil få:

det brann, det brann til nå!

1955.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

FRAMFØRE MINNESMERKET FOR REFORMASJONEN I GENÈVE

(A reformáció genfi emlékműve előtt)

Hundreogtreogførti skritt: lengda
av minnesmerket. Lik eit bod som kjem
med siste heider til dei millionar drepne
gjekk eg langs raden av statuar.
Calvin, Knox, Farel, Béza. Og offiserar
dystre med tyrenakkar: Til krig for den sanne tru
Wilhelmane! og Coligny og Cromwell
— såg alle ned på meg der. Og Bocskay, med øksa . . .
Veik tilbake, var komen for nær: Meir avstand
måtte eg ha for å sjå dei alle.
Drog meg attende til hagen, til svale tre,
til den saklege kjøld i mitt indre.

Og brått: som om dei stod
til kaserne-appell
framfor auga mine,
stramt-militært,
nett stige fram
frå den høge fjellveggen der bak
og frå den andre, like veldige steinblokka
— den forsteina tid.

Kunne altså trø så langt fram, sjølv stivna
inn i stein i solskinet, stein der alle ord
er tagna. Dei ord dei har att
er berre gjerningane, slik tida vil forklare dei.
Døde, som står her i giv-akt, tal!

Eller kan eg tale først?

De som «stod der, kunne ikkje anna»
fordi *anten-eller:* Fanst ikkje kompromiss,
dei lunkne vil gud spy ut,
de som lot dykkar meiningar etter dykk i ting, objekt
korleis står det til no med sanninga i dei knyttnevane
som for firehundre år sidan svor den heilage eiden
og som står fast den dag i dag med bibel og sverd
strekt ut i stein-krampe?
Kva gav de til den saka de stræva etter
lidenskapleg som ein opphissa elskar — når
målet var nådd?

De spør om det same?
Og om
det ikkje gleder dykk å høyre det?
Men eg vil fortelje. Fordi det også piner meg.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

De stod der, brennande av Guds Sanning,
og mot ein annan her, brennande av same eld.
Saka vart, som tusen gonger før, gjort av
med våpen og eld.
Millionar av kroppar som vreid seg i smerte
for den evige sjelefrelse, vreid seg
på slagmarker, i galgar, skafott
pelar, hjul og i nye og sinnrikt uttenkte
torturmaskinar, vreid seg i pine: Ut frå Jesus
vaks det fram ein skog av krossar
tvers igjennom Europa, byar brann, halwille
soldatar åt menneskekjøt forat «avgudsbiletet» her
og «den villfarne boka» der skulle brennast.
Så lenge som synd stod mot synda og eld mot elden
stod byar i loge. Og ut av det kom
— sigeren?
Nei, tida kom. Klok. Tålmodig
og med ein slags humor. Kom tida.
Borgarar av dei to
herane og truene står enno i dag mot kvarandre.
Enno i dag, også i mitt land. Dei gamle tårn
på dei dystert kvitkalka og gullprydde kyrkjene skrell
enno som kanonar kvar gong dei ringjer,
om søndagane
tordnar prestane over altara
etter gamal skikk, men komen ut på fortauga
helsar dei kvarandre over gata og syner med finger-teikn
kva klokkeslet og kor kortspelrunden skal stå, eller
malle-kalaset med nokre små dansande glas skal vere.
Vakkert slik.
Gjorde det same om eg var prest:
For «lat oss forstå kvarandre»!
Men var ikkje prisen
litt for høg, pesten som vara i tretti år
d'Aibigné sitt raseri, Colignys død
den uhemma Sankt Bartholomeus-natta
det halve Tyskland, Europa som vart knekt
i to, tyrkarane som stod her
hundreogfemti år, og fedrelandet...
Dette var «sigeren»! Som var sendt oss
av gud. Han har jo så «soleklart demonstrert»:
Det var ikkje *for* han blodet flaut, men *på grunn av* han.
Slik var framtida. Først sett opp som ei pris:
— men fanst der ein sigerherre som ikkje var *forutbestemt*
til å sigre?
De har sigra.

Djevelen sigra gjennom dykk.
Tåpar var de, alle i hop. Heilt om!
Har ikkje rett til å gjere eit einaste steg fram!
Forsvinn inn i stein og tid!
Tapt. Frå byrjinga av var kampen tapt!

— sa eg høgt og klart, lik ein som først
gjekk inn mot seg sjølv med si sanning.
Også:
Fallitt. Fallitt har de spela! Kva vart det skrive
som utbyte på denne svarte tavla — dette kontinentet —

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

med blanke støvlar, stolte herar? Ein einaste tåpeleg
bokstav spela ut til strid, og ikkje eingong som vits
ny. Og det galdt berre Ungarn:
Kvifor er *keresztyén* meire guddomleg enn *keresztény?*
No. Så mykje meining har de destillert
ut av blodet til alle desse døde. Millionar døde.
Også de hogg Knuten over med sverdet:
Hogg tvers gjennom Oppgava som venta på ditt mot
og med sin venleik på at du skulle *løyse* knuten.
Dette er «utbytet».
Men om — alt dette ikkje fanst?
— klang også i meg, venteleg, tårnet

på den eine sida mot tårnet på den andre
(og ringde frå da av om kvarandre)
og steig i meg, knapt meire finsleg, dei to
grimme gamlingar i ordkamp:
Gjætaren frå Tolna som alltid er tru mot dei styrande
og preikaren frå Sárrét, sprengfylt av trass.

Kva var det som let dei gripa til våpen?
Han som reiser seg, er det ikkje det Onde han angrip?
Og om det no ikkje vart særleg kamp av det? Om «trua
skulle døy» utan eit ord «i den rømerske skiten»?
Og dei og verda ville fylgt den veg som vart dei vist
av «tempel-kjøpmannen med tiara». Om det no
ikkje fanst ein einaste ein som gjorde motstand
mot synda, ja utan von men desto vakrare, slengjer ut
at «eg kunne ikkje anna!» — kor stod vi da
i dag? Ville kanskje sakne litt pine,
blod, nokre lemlesta offer
inkvisisjonar?
Ja om no Gustav Adolf
— til fånyttes kanskje — ikkje sette seg på krigshesten
og dei reine frå Toulouse ikkje ynskte våpentenest
i staden for pliktarbeid
ja valdensarane, husittane, Bocskays
hajdu-ryttarar som verken kunne skrive eller be,
trur du det da ville vere fred — sjølv ein slik
som du nett flira av?
Trur du det fanst eit Ungarn slik det no er
utan — Calvin?
Eg trur ikkje det.

Eller annleis sagt: Ville du hatt
elektrisk lys i arbeidsromet ditt om ikkje Giordano
Bruno gjekk i elden? Kor er opphavet
til at det no finst atomkraft, at du i morgón fyk
i ein rakett ut i verdsromet?

Deira forteneste som ikkje vart skremde
verken av bålet eller galeien —
ikkje eingong av nederlaga i krigane deira,
av «vonløysa» dukka alt opp, steg for steg.
Og om dei såg eller ikkje såg sine mål:
I alle fall godt at det finst ingen veg tilbake.
Fortida som rykande styrta såman skauv dei
fram slik krutet sprengjer blyet fram:

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

Framover! og dei tok sin lagnad på seg —
Sei difor med meg, enno ein gong: Ære vere desse!

Eg, soldaten som kjem med bod til dei, stod still
og tenkte over kva eg kunne få:
ikkje forklaringar av dei
men av deira *gjerningar,* på same vis som bom
først kan svare for seg i vaksen alder.

Sa til slutt. Til meg sjølv, som trøyst:
kven føremålet enn tilhøyrde
kunne ikkje gud gjort det annleis.

1955.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

BARTÓK

(Bartók)

«Kakofoni»? - Javel. Om dét for dei er kakofoni
som for oss er trøyst!
Ja. Lyden av glas som singlande
vert knust lik skjellsord
og det klagande skriket frå ei fil
som vert ført mot sagtennene
må fiolinane lære seg, må syngjande strupar
lære seg. Ikkje fred og lystige tonar
i den altfor fine, den forgyllte
avsperra konsertsalen
så lenge fred ikkje finst i våre mørke hjarte!

«Kakofoni»! Ja. Om dét for dei er kakofoni
som for oss er trøyst,
for høyr: Enno lever folkets sjel,
enno lever folket
og skrik ut! Ja sjølv om lyden som stig
frå stemte flygel, stemte røyster
syntest vere skjellsord-variantar av den lyd
ein høyrer frå jern som gnissar mot stein,
om tilværet slik får hevde
si døkke sanning
fordi det er nett denne «kakofoni»,
dette helvetesskriket
som ropar ut
harmonien!

Fordi det er nett dette skriket
som skjer seg tvers gjennom alle dei forbanna løgnaktige
vakre songane, som ropar til lagnaden om ein sann harmoni
og orden. Verda vil styrte såman
gå fortapt — om ikkje folket
grip ordet, ja majestetisk!

Du magre, strenge musikar, trugne ungarar,
(«berømt» du óg — som så mange av dine
landsmenn)
lovmessig var det at nett frå folket
sitt sjelsdjup — dit du steig ned som i
ei smal gruvesjakt —
sende du skriket opp til denne kalde, strenge
konsertsalen som har stjernene til lysekrone.

Vil nokon kjæle øyra mine med lettsindige tonar
krenker han meg i mi sorg.
Den døde, den døde er mor vår — og avskilsmusikken
må ikkje kome frå Zerkovicz.
Lender er mist, kven vågar græte dei
med lirekasse-låtar?

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

Finst enno von for folket?
Når fornuften står stum framfor all vår otte, vår angest
— så ta til orde, du
strenge, ukuelige, «aggressive», store musikar
og sei oss at vi — likevel! har grunn
til å vone og leve.

Og at vi har rett, vi
utlevert til å gje liv, og til å møte døden,
rett til å møte andlet til andlet
alt vi likevel ikkje kan unngå.
For den som dekker til, han aukar faren.

Alt for lenge var det mogleg
å setje proppar i øyra våre og dekke over auga
når stormen herja, for så å skjelle oss ut
fordi vi ikkje kom med hjelp.

Men du viser oss din vyrdnad ved å
avsløre for oss kva du såg:
det gode, det onde, dyd og last —
og ved å tale til oss som til likemenn
let du oss vekse.
Dette trøystar oss.
Kor annleis eit språk det er, er det
menneskeleg, og fylt av sanning
som gjev oss styrke til det vanskelegaste:
til fortviling.

Dette takkar vi deg for,
for styrken til å kunne vinne over
helvete.

Sjå her er undergangen som likevel fører fram.
Sjå her, dømet på at den som med sin kunst formidlar
det groteske, sigrar over det.
Her svarar han tilværet, han, den store:
det *var* verdt
å gjennomlide helvete.

For enno finst det ikkje ord for det
som vi har gjennomlevd.

Berre Picasso sine jomfruer med dei doble nasane
kunne sukke, eller hingstane hans med dei seks
føtene
skrike ut
eller i vilt tán vrinske ut dét
vi menneske måtte gjennomleve
og som berre den som har opplevd kan forstå, som det
ikkje finst ord for, kanskje aldri vil bli ord for,

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

berre musikken musikken musikken, musikk som dén
de store tvillingbrør har skapt,
berre musikk, musikk
fylt av urgammal hete frå gruvedyptene
og av draumar om folkets framtidssongar,
musikk fylt av siger, av styrke nok
til å styrte fengselsmurar, musikk
som bed om den lova frelse med forbanningar
for å få ho her på jord,
musikk som ofrar ved å velte altara,
helbredar ved å gje oss sår, musikk
som lyfter alle som kan lytte
inn i ei meire rettvis verd.

Hald fram med ditt arbeid, gode lækjar, du
som ikkje gjev oss svevn, som røyver ved våre sjeler
med fingrane i din musikk, og alltid røyver dér
som ondet er å finne.
Kor underleg, kor frelsande balsam er ikkje det

du gjev oss ved å forløyse denne smertesong
som skulle ha kome ut av oss sjølv
men som ikkje vi kunne forløyse. Og difor let han
tone ut for oss — fødde til det tause hjarte —
med dine nervestrengar!

1955.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

III

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

HAGEN, SOMMARNATT

(Nyáréji kert)

Å stå i kvelvingen under nøttetrea:
kjellarmørker, som tilværet sjølv.
Men midnattshimlen
overstrødd med stjerner
— han skin gjennom lauvet
på dette veldige mandeltreet.

Mandeltreet, eldste treet i hagen,
her veks det altså stjerner.

Fornufta
— ikkje til å frelse, men auga kan gle seg.

Endeløysa
— den forsonande døden
har aldri vore nærare
og kjem kanhende aldri meir som no ei handslengd nær.

Heller ikkje bamdomen, som av og til
har tindra med sine juletrelys.

1959.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

PROSPEKTKORT

(Képeslapok)

1

Den gamle eika, for å gløyme
den kåte sommaren:
lik ei dame som har sett betre tider
byrjar sin einsame patience . . .

2

Smiler over lauvet
som har det så travelt med å falle.
Fór ikkje så ivrig fram
i vår, ikkje var naturen så rusen av arbeidsfeber
i sommar som no. I forfallet.

3

Kor matt
skin ikkje sola alt.
Med kvart vesle
lauvblad som har løyst seg
frå trea
fyk eit bluss av lys
nedover, fyk
som ville dei alle røve han:
Eldkransen, som stadig vert tristare!

4

Har bore ugras og lauv i haug, for å brenne det.
Her! og der! som det hadde lege
fann eg små spor
frå før hausten. Spor
etter skone dine.
Dei dansa i hjartet mitt. Herlege tid
sterkare, meir overveldande
enn symfoniar. Enn marmorsøyler.

1960.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

I GRYET OVER ALPANE

(Havasi szürkület)

Det innsmigrande halvmørkret

Som hadde vi ikkje venta på noko anna

Ut
mot ope hav
i horisonten flyg
den siste skya

Og sorga
stilnar

Fuglane òg, legg ned si bør
songen stilnar

I togna
organiserer mørkret seg

Himlen, med bleiknande stjerner
som ei alpeslette

Bjøllene der
kling stilt i hjartet

Mellom to fjerne kjelder
byrjar igjen den døyvde samtalen.

Som utseier alt

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

KVELDSSONG

(Esti dal)

Også denne dagen
som jegeren si fengd
sjåføren sine pengar
slåttefolket sine utmøydde kroppar
tok eg med meg heim

Lyset i vindauget som held vakt i natta:
er det Gode
i det Onde

Huset:
er den stad nokon ventar meg heim

Dette er min plass

Og mi løn er likevel eit stykke død

Ikkje hjartet: tilværet i seg sjølv er gudlaust

Sov med meg.

1963.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

PÅ DENNE JORD

(E földön)

Det handa mi
kjæla med på den dirrande
unge kroppen din, var likevel verda.
Heile jordkloten

Månen med sine kopar-sår på himlen.
Mjølkevegens Sahara
var heller ikkje fjern,
heller ikkje framand
for tankane i hendene mine

Synest ikkje stort om
at eg fekk fortvile
i guddomlege dimensjonar

over at eg ana det som finst hinsidig,
bortanfor den kalde grensa: døden.

Makta likevel å reise meg eit hus
med kvinneleg klima
med funklande lys — meir æveleg enn stjerneskin
i vindauge og seng.

1964.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

BRASILIANSK URSKOG

(Brazil őserdő)

I den gamle bydelen i Buda, på vegen som fører ut frå Ujlaki-kyrkja og som er mest like breid som eit torg. Her er husa med ein etasje enda lågare enn vanleg. Vegdekket har langsamt svulma heilt opp til vindauga og blitt ståande som ei stivna flodbylgje. Frå eit slikt hus, ei kro på private hender, kjem ei velkledd, slank ung kvinne ut i fredags-skyminga. Auga hennar er runde, sjølv er ho skit full. Svaiar grasiøst. Basaltblokkane på den breide vegen er som vadesteinar i ein fjellbekk for henne, og difor er det overlag viktig å trø på annankvar av dei! Den ting at steinane er våte, gjer saka enda meir sannsynleg. Det regner, pøser jamnt og tett ned, tropisk sjølv om det alt er november. Gatelyktene viklar øsregnet ut i trådar. Dei ustelte hårtjafsane til kvinna synest vere like så mange avlaupsrøyr. Gjennomtrukken av regn er ho, til skinnet.

Til skinnet våt, men ansar det ikkje. Elles ville ho ikkje prøve seg på å skyve regntrådane til sides som om ho gjekk gjennom siv, eller var komen ut gjennom glasperlegardinet i ei sydlandsk barbersjapp. Berre det at dette glasperle-gardinet vert etterfylgt av eit nytt gardin, og av eit nytt igjen: av ti, tjuge, hundre, av mirakuløst tusen og tusen.

Alt dette, veit vi, er illusjon. Stiuasjonen og røyndomen nemleg at kvinna går mellom lianer og hengjande slyng-planter i ein brasiliansk urskog, og over henne, i trea, myldrar det av fargekåte papegøyer, snerrande aper, slangar og slike dyr som verkeleg ikkje finst i Sør-Amerika, dei er berre komne dit for dette spesielle høvet. Kven tenkjer ikkje på å hjelpe i slik ei stund? Ifylgje Chateaubriand er eventyr med innfødde kvinner mest spennande når det byrjar på denne måten. Visst, visst, men det vi ikkje reknar med, er avstandane i ein urskog! Mellom oss er dette, ifylgje mine velrøynde sjømannsauge, *minst* eitt tusen kilometer.

1965.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

ANDLET

(Arcok)

Andlet, upersonlege som pengesetlar
til å krølle såman, hive
i irritasjon når vi trur dei er utan verdi
Andlet som gamle ugyldige setlar
Og til å glatte ut når vi ser
vi tok feil: Andlet
andlet på flyplassen, i varehuset, feite
andlet, slitne
tome andlet, og knitrar dei
så bry deg ikkje, andlet ikkje til å skilje
frå andre om enn likeverdig, eller difor nett:
Andlet med forbanna skrøpeleg minne, men likevel
kjem dei, andlet brått med bod, med hjelp.
Andlet som lauv-kameratar i den gamle eika, evig
sprettande, evig gyngande.

På den evige forstadstrikken
som fortar seg fordi han aldri kjem fram, andlet
i dei evige kontor-korridorane der du aldri
vert anna enn skuldig, andlet
andlet av same stoff, andlet som liknar
regndropar eller støvkorn i Sahara
blussande lamper
i storbyar sett langt bortefrå. Andlet
strøymande så jamnt som blodet strøymer
frå hjartekamra, pengesetlar
frå setelpressa: Det same bileiet kasta ut på ny
pånу frå hjernen min. Som på ein ordre, mekanisk
andlet innbytbare, til veksling andlet, addér-bare
same gulldekning, ja sjølv om deira verdi
og storleik, nummer er forskjellig.

Tek aldri feil i heimlandet mitt, men straks
eg kjem over grensa: må halde dei opp
for auga, tyde dei. Nytteverdien der
er ein annan.
Ja mine setlar. Dei
som leid seg gjennom useieleg mange
devalueringar, ikkje minst her i Aust:
Påtrengjande upålitelege løgnaktige
men brått med ein ny, jomfrueleg smil.

Trulause kalde framande. Men som pånytt
kan fyllast med blod, andlet lik lettsindige banksetlar
som likevel ikkje er banksetlar
fordi dei likevel ikkje er upersonlege som banksetlar
fordi dei likevel er annleis, alt på frastand sett.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

Fylte, som uåpna telegram
som speglar, andlet: bilet-slikkarar og bilet-spyttarar
men flittige, tame, resultat
av sjukehus-undersøking, skrive på dårleg latin
fylt med avstuttingar, formlar med brøktal,
kompliserte klageskrift forfatta i ei einaste setning
horoskop-spådomar fulle av zodiakale teikn, andlet
andlet, skaparar
og oppløysarar av mi einsemd,

havbylgjer, som ringår seg om ei øy

havbylgjer, som opnar for denne øya,

1961.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

DEMRING

(Derengés)

Morgonvind. Det unge kirsebærtreet
steller sin forpjuska hårtopp

Stjernene dryp vekk

Vegen forsvinn her, dukkar opp att der:
Spring opp mot fjellet,
føremålet avslørt

Flimrar ei nål, eit ope
vindauge,
brusande hanehale, plogen

dogga.

Auga dine, innsjøen —

Tannhjulet: sola, byrjar rotere.

1963.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

MED SEGLET PÅ HELL

(Dőlt vitorla)

Sjå masta skurrar og heller, den høge
seglmast,
ho skjer nesten bylgjer, men båten
han glid i høgt oppdriven hast! .

Sjå mast og segl, når flyg dei
mot første
plassen i leiken? Når hellinga er
på det største!

1962.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

SONGAR OM KJÆRLEIK OG DØD

(A szerelem és a halál dalai)

Krig. Blodig, skiten. Men småbyen var skinande rein. Innbyggjarane feia fortaua, ja tilmed køyrebanen.

På Stortorget i denne småbyen som var sopa rein under den skitne krigen, marsjerte soldatane ein søndag formiddag med blenkjande våpen og metallknappar og song mørkt uanstendige songar. Og nonnene, som nett da var på veg til kyrkja med elevane sine? Ja! Men hundane, dei òg stilte seg jo opp til hushjørna med opplyfte bein. Og dei kastrerte hingstane, dei og let kjønslemene sine henge, skræmande store og slappe.

Om det var eit privilegium, måtte det vere eit eldgamalt eitt at dei unge soldatane på veg til fronten fekk skråle i fellesskap på søndagsgatene i provinshovudstaden. Soldatane, som kvar for seg uerfarent rødma når dei var aleine med ei kvinne, dei brøla no såman i lufta med raude oppsvulma andlet så useieleg skitne, men likevel så søte ord at dei ikkje ville våga seie dei framfor fedrene sine. Rusne av fridomen. Sjølv om han var ørliten som ein drope, den dødsdømdes slurk av fridom! Som om dei alt marsjerte i ei sølut skumring, langt bortanom byane og småbyane, mot den ufråkomelege grava i staden for den uoppnåeleg reine kvinnelege famn: Og kanskje nett difor smelta desse to, grav og famn, så ofte såman i fantasien deira, fordi dei i vår attrå er det same.

1955.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

ORDNING

(Rendtevés)

Den tynne sverdklingen som eg distré lente meg mot — etter med stor presisjon å ha retta spissen mot hjartet — kom tenestvillig ut gjennom ryggen. Og etterpå? Alt i namnet åt lydnaden. Landskapet kolna, lauvet skrumpa inn som handflater og fall ned, gjerrig snappande etter Inkje. Det kom ein vind full av omsut, vende seg tilmed etter nokre som var blitt att. Mot kvelden fór så ein båt over horisonten, men alt her var da forlengst aud stein. Og kva livsoppgave hadde dei, dei to-tre siste innfødde? Den same som beduinen med kamelen hadde på pyramide-bileta: Å proporsjonere den ulykka som var att, den som no er blitt så stor som verdsromet.

1963.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

FJØRE

(Apály)

Frå torget er alle barn forsvunne.
I sidegatene: berre gamle, og gamle . . .

Heile landsbyen
har byrja sveve som eit luftskip.

Heilt ulekamleg
og ti meter over jorda
nøler skolen, rådhuset
og kyrkja med si gamle okse-panne.

Slakteriet fauk bort alt i fjor.
Men no: også veterinærhuset svevande.

Kyrkjegarden som kjempar mot endeløysa
og som har tæra på kysten her sidan før tidsens morgon,
kyrkjegarden dreg seg stumt vekk
under månen
og gravene bylgjar meir og meir glisne,
etterlet seg berre nokre avgnaga
beinstumpar og skipsvrak.

1966.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

HUNYADIS HAND

KOR MED HØGE OG LÅGE RØYSTER

(Hunyadi keze)

1

Han som strauk så mjukt inn, korleis
kunne han slå så hardt utover? Stryke, kunne han!

2

Den steinharde, knytte neven
den mjuke handa som stryk over eit spedbarn!

3

Først folkets forsvarar her inne. Så
der ute, og slik: lik geniale herførarar og einfaldige
bønder, verna han fedrelandet. Nei, fem land!

4

Fridomen. Skjoldet han bar som helt
av fem land. Høyr: difor fem gonger meir ungarsk!

5

Hand: signal. Strakk aldri høgare opp frå dette landet
(taus tale, talar for alle fortente):

Fall magyaren djupt ned, men frå eit bolverk av ærefull sak.
Den som trampar på desse lika, trampar på meg: Hunyadi.
Statuen min: Ikkje berre sigeren, men og sorg:
min bronsestatue vaker over nasjonens grav. Statuen.

6

Handa? Til støv? Nei, arbeider enno. Middags tid
let han alle kyrkjeklokker fossringje. Ropar
med bim-bam-klang stort gledesnytt (som ingen skjønar)
frå kyrkjetårn i Rom, Rouen, Tahiti (på ungarsk!),
høyrest som varsling av brann eller plutseleg flaum
(slær så ivrig)
og så (— for fanst der ungarar som hadde lydd til han
gjennom desse hundreår? —)
ringjer han i stilla mørke sorgmelodiar som til gravferd.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

7

Slik kimar du med klokkene, og held fram
kanskje hundrevis av år: János, Ungarns tause tårnvaktar!
Tonar pågåande som sjølvanklage: opp frå havsdjup
frå hugens djupe gløymde skuld
som om det sa: For seint! Den trege rase, deira døkke
gjerning:
pressa sønene sine mot gravmunnane!
Men så. Den gamle von
frå himlen. Eller gamle julekveldar, snøfjell
og vaknar den gamle trua vi såg
i den kvithåra helten
på omslaget til gåveboka (og med ein bestefar-tillit),
syntest høyre hans kommando medan han
— med den dystre presten og helten
som fall ned til siger bak seg —
tordnar over dei ruinerte vollane: Under finst,
stå fast, magyar!

8

Og det vart under. For eitt minutt. I det minste! Å flyktige
minutt-lange under! Glitrande perler på sliten tråd
Heltar! heltar! Som alltid erstattar det forsømde
kontinuerlege arbeidet
med slike under: Kometar
lækjarar, alltid kjem de i siste minutt. Kom de
om berre eitt minutt for seint... Å evige
redningsmenn, anklagarar: For at vi skal vere
stolte av dykk, raudne!
Hjartet fyk opp og styrtar ned når vi ser dykk
når vi skulle sjå — framover? oppskremd:
Om det igjen vil kome heltars under-hender. Men om ikkje?
Ring János, ring, hald fram, hald fram med å hamre, slå ,
og — under-hand der oppe — strø gull: vår von!

9

Men trur ikkje på gamaldagse under! Berre dette:
føredømets under,
med føredømets under skaper handa slike verdiar
som gjer at heller ikkje handa døyr.

10

Hald fram, Hand som sviv i lufta,
slå, hjarteslag i nasjonens kropp. Du
må rope: Fortapt, fortapt det dovne folk
som ventar «lykke» («framsteg»)
av andre — også av himmelguden.
Feigt, sei! feigt er det folk som berre blir verna av martyrar:
Ikkje heltedåd, berre dagleg *courage*
kan redde. Menneske, land.

1956.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

PÅ BASKISK JORD

(Baszk földön)

Jentene salte, dei glitrar
i havsand.
Mette av elskhug
spring dei ned
til strendene.

Vi drakk, spela kiler i hagen
og venta på jentene våre.
Herlege tid:

slikka den friske smaken av jenter
med leppene. Ein knekk
i dei unge beina når vi
strekte oss, som sette vi tennene i dei.

— Dette, skråla matrosen om kvelden
— er det søtaste i bordauxvinrusen.
Dei var nett vende tilbake.

Var prikkande salte når vi kyssa dei
i andleta, og med sprellande fiskeskjel (i dei store auga)
tok dei med havet til danseplassen i fjellet
inn under trea,

med dei gyngande bylgjene
vinden: lokkande seglklar
purpurglinsande skjel frå djupet
lukt av sniglar

med den glade rusen
over det stedmorslege fedrelandet, øyane.

Vive Euzkadi! — skåla matrosen
med høg røyst.

Månen skin.
Seks uforderveleg kåte najader
dansar farandole i evindeleg
glede
med liket av meg som vart att
under månen, under vatnet der.

1968.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

DEI TAUSE FOLK

TIL GUERNICA-SERIEN

(Néma népek)

Deira gjerningar er ikkje deira.
Også draumane forklarar konstant noko anna.
Herskarane deira.

Det er andre som geipar i speglane deira
sjølv når smilen har
deira gamle drag.

Med meire harking
enn eiker, omdreidd og omdreidd av vind
med meire spytting
enn ein druknande som likevel når fram til land

brukar dei eit heilt århundre til å samle
eitt ord, hardt som stein.

Trengs guddomleg øyre
for å høyre det.

Dei høyrer det'kje eingong sjølv, berre inst i dei:
den rullande tordenen frå kjevane
når dei opnar seg, himmelhøgt:

forpinte lyn
frå virvelknoklane.

1960.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

UHYRA FØDEST

(A szörnyek születése)

Hende da hausten var påbyrja
at dei som gav oss brød og permisjonar
vart like så dystre som sola var dyster.
Dei ville livast opp.
Venta seg songar og skjemt av oss. Dansar
etter arbeidsdagen var slutt, etter at vi
hadde slepa oss heim, krøkte
med garnet tungt over skuldrane. Over
den høgmura hamna med marmorfliser og fisketorget
som rundt og tomt verkeleg baud fram ei scene,
mest som på vår fjerne øy.

Rundt om sat dei, benka seg ved borda
til gateseljarane som baud på steikt kreps. Sat
i harpikslukt i oljelukt
under stjernene bedøvde, ja og
av luktene frå havet
medan vi i måneskinet byrja danse
syngje.
Song omsider for oss sjølve, ja ofra òg

umerkeleg til gudane våre, dei
som liknar våre minne.

Det vara så lenge det vara. Gjekk så heim
i høg, høg lykke. Fekk vin, og kvar av oss
eit drikkekar fullt!

Og fordi at døme tenner
elska vi òg, sjølv om vi var slitne.
Vi avla born,
desse uhyra de ser:

Fliren deira er vår spegel,
stamminga deira skriv vår historie.

1965.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

I RETNING MÅLET, OM ENN LIKEGYLDIG

(Cél felé, bár közömbösen)

Dei slanke rosenbuskane blussa som lamper
i skyminga, saug elden opp av jorda.
Og sløktest på same tid.
Ein eikehjort
flaug bort frå dei med låg dur
men med kroppen oppreist som ein Jesus, til himmels
og vov stilla stadig meire fin attom seg.
Vi er blitt aleine for godt, men med
dei blindes trøyst og blindes tålmod
for vår lagnad.
Slik skjøna vi. Som lydane
— og særleg bylgjeskvulpet mot våre strender —
byrja rekne etter korleis dette hundreåret
strævar imot sitt mål, om enn likegyldig,
i rasande tempo
kaldt igjennom tre og hus
og gjennom fingrane våre
med sine vrak og med sine lik.

1962.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

VED Å SJÅ MEG ATTENDE PÅ EIT FJELLSJUKEKUS

(Hegyi kórházra hátranézve)

Kan sjå med blotte auge korleis vintersola
søkk, stadig akselererande i siste del av banen
— brått svulma opp: glør, sterkt raudt —
mellom fjell som alt er mørkna attom meg.
Slik òg med han som står der bak, ja
det er for han eg snur meg nok ein gong:
Han er min ven som lever sine siste timar, dagar
og som han blindt fort søkk
brinn med eit sterkare stjerne-lys enn sola
frå sitt ustyrlege hjarte
frå sin uredde smil mot oss
inn i våre levande auge og dit
inn i den einsemd han alt er fortruleg med:
Meir kald og fjern enn universet.

1969.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

BORTKOMEN. SÅRA: MINNEST

(Lemaradt sebesült emlékezése)

Han gav meg hus, han skjøna straks
det heile. Tala 'kje same språk, ordboka vår
opna med gestikulasjon, heldt fram
med smil, beiske drag i munnvika. Smil
som har fått alt å vite, alt har skjøna.
Han vaska seg, let halvten av handkleet
vere tørt. La seg, beskjeden
på halvparten berre av senga.
Skrudde ned lampa utan ord, berre med dette
tause teikn-språket som vender seg
til hjartet. Handla om einsemd og
(ved å kysse glaset over eit fotografi)
at inga von er til.
Restane som fanst av mat, delte vi.
Han, lik meg sjølv, hadde aldri vore fjernare
ei framtid, fjernare si fortid
og aldri nærare eit menneske:
Lik dyr, to og to i sine gøymestader.

1973.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

NOTER

s. 5: Kaposvár, by i Sørvest-Ungarn, provinsens kulturelle og administrative sentrum, ligger i nærheten av dikteren Illyés' fødested.

s. 6: *Kapos,* liten elv i Sørvest-Ungam.

s. 21: Sándor *Petőfi* (1823-1849), Ungarns nasjonalskald. Hans utvalgte dikt er kommet på norsk under tittelen *Det må bli lys!,* Oslo 1973.

s. 21: Dániel *Berzsenyi* (1776-1836), en av de betydeligste ungarske diktere fra førromantikkens tid.

s. 29: István *Bocskay* (1557-1606), fyrste av Transsylvania; førte med hell krig såvel mot tyrkerne som Habsburgerne; beskyttet protestantene og ga dem religionsfrihet.

s. 31: for begrepet *kristen* eksisterer det to ordformer i ungarsk, nemlig *keresztyén,* som gjerne brukes av protestantene, og *keresztény,* Akademiets normaliserte form, først brukt av katolikkene.

s. 31: *Tolna,* fylke i Sørvest-Ungarn, der Illyés er født.

s. 31: *Sárrét,* myrlendt område midt i det vestlige Ungarn.

s. 31: *hajdu,* samlenavn for en forhenværende fattig befolknings-gruppe; som leiesoldater spilte de en betydelig rolle i kampene mot Tyrkia og Østerrike i 16. og 17. årh.

s. 33: Béla *Bartók* (1881-1945), ungarsk komponist, en av de betydeligste i vår tid.

s. 33: Béla *Zerkovits* (1881-1948), komponist av lette musikkverker av underholdende art.

s. 50: János *Hunyadi* (1407-1456), tyrkerkrigenes mest fremragende ungarske hærfører, var guvernør av Ungarn i en årrekke; i 1456 beseiret han tyrkerne i en avgjørende kamp ved Nándorfehérvár (i dag: Beograd). For å minnes denne viktige seieren bestemte paven at kirkeklokkene skulle ringe klokken 12 hver dag i alle katolske kirker verden over.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

ILLYÉS-BIBLIOGRAFI

Eit lite utval

DIKT

Haza a magasban. Összegyűjtött versek 1920-1945. Budapest 1972.
Teremteni, összegyűjtött versek 1946-1968. Budapest 1973.
Minden lehet. Budapest 1973.
A tribute to Gyula Illyés. Selected poems. Occidental press. Washington 1968.
Selected poems. Chatto & Windus. London 1971.
Poèmes. Seghers. Paris 1956.
Hommage a Gyula Illyés. La maison du poète. Paris 1963.
Poèmes. Puel. Veilhes 1964.
Choix de textes. Seghers. Paris 1966.
Poesie di Gyula Illyés. Vallecchi. Firenze 1967.
Due mani. All' Insegna del Pesce d'Oro. Milano 1966.
Poezija. Progress. Moskva 1969.

PUSZTÁK NÉPE. 1. utg.: Budapest 1936.

People of the Puszta. Corvina. Budapest 1967.
Ceux des pusztas. Gallimard. Paris 1939, 1969.
Pusztavolk. Volk und Welt. Berlin 1948.
Pusztavolk. Weismann. München 1948.
Pusztavolk. Goverts. Stuttgart 1969.
Folket på pustan. Bonniers. Stockholm (under utg.)

EBÉD A KASTÉLYBAN. 1. utg,: Budapest 1962.

Le déjeuner au chauteau. Gallimard. Paris 1969.
Mittagessen im Schloss. Goverts. Stuttgart 1969.

PETŐFI SÁNDOR. 1. utg.: Budapest 1936.

Vie de Petőfi. Gallimard. Paris 1962.
Sándor Petőfi. Aufbau. Berlin 1971.
Petőfi. Feltrinelli. Milano 1960.
Petőfi. (Engelsk utg.). Corvina. Budapest 1973.

P. Sørensen: *Ungarns stemme.* Gyldendal. København 196
L. Gara: *Anthologie de la poésie hongroise du XIIe siècle à nos jours.* Seuil. Paris 1962.
P. Santarcangeli: *Lirica ungherese del '900.* Guanda. Pama 1962.
I. Duczynska: *The plough and the pen.* Peter Owen. London 1963.
E. Guillevic: *Mes poètes hongrois.* Corvina. Budapest 196
G. Thinsz: *Sex ungerska poeter.* Bonniers. Stockholm 19i
S. Hermlin: *Ungarische Dichtung aus fünf Jahrhunderten.* Corvina. Budapest 1970.
G. Fritsch: *Neue ungarische Lyrik.* Otto Müller Verlag. Salzburg 1971.

V.S.

© Copyright Mikes International, heirs of Gyula Illyés, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)